



## MØTEINNKALLING

---

**Organ:** FYLKESRÅDET FOR ELDRE

**Møtestad:** Storehagen Atrium, Førde – møterom Hafstad

**Møtedato:** 12.11.2019

**Tid:** 10:00

---

Medlemene blir med dette kalla inn til møtet. Eventuelt forfall må meldast til utvalssekretæren straks. Varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

## SAKLISTE

---

**Saksnr.      Arkivsaksnr. / Tittel**

7/19            19/12204  
**Frivilligsentralar i kommunane - endring i støtteordning**

8/19            19/12205  
**Årsmelding 2019 - fylkesrådet for eldre**

9/19            **Fylkesrådet for eldre – Skriv og meldingar 12. november 2019**

**SAK 9/19 Fylkesråd for eldre – Skriv og meldingar 12. november 2019****Framlegg til vedtak:**

1. Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande.
2. Fylkesrådet for eldre sine uttalar og kommentarar til kvar einskild skriv og melding vert lagt under kvar meldesak i møteboka.

**Vedlegg:**

1. Fråsegn sendt ut av fylkesrådet for eldre Sogn og Fjordane: Oppmoding til kommunane om å sette ned kommunale medverknadsorgan ved konstitueringa
2. Fylkesrådet for eldre i Hordaland: Gjesteinvitasjon til eldrerådskonferansen 2019
3. Fråsegn sendt ut av fylkesrådet for eldre Sogn og Fjordane: Kjøken på sjukeheimar. Innspel til folkevalde og kommuneleiing
4. Fråsegn sendt ut av fylkesrådet for eldre Sogn og Fjordane: Utviding av rett til BPA for bestemte personar over 67 år
5. Fråsegn sendt ut av fylkesrådet for eldre Sogn og Fjordane: Lov om eldreombod

**Meldesak 1) Fråsegn sendt ut av fylkesrådet for eldre Sogn og Fjordane: Oppmoding til kommunane om å sette ned kommunale medverknadsorgan ved konstitueringa**

Fylkesrådet for eldre vedtok på siste møtet å sende oppmoding til kommunane om å sette ned kommunale medverknadsorgan ved konstitueringa, slik at dei kunne komme i gang med arbeidet med ein gong.

**Meldesak 2) Fylkesrådet for eldre i Hordaland: Gjesteinvitasjon til eldrerådskonferansen 2019**

Fylkesrådet for eldre i Hordaland inviterte representantar frå eldrerådet i Sogn og Fjordane til konferansen 5. og 6. november.

**Meldesak 3) Fråsegn sendt ut av fylkesrådet for eldre Sogn og Fjordane: Kjøken på sjukeheimar. Innspel til folkevalde og kommuneleiing**

Innspelet om kjøken på sjukeheimar vart vedteke sendt ut under sist møte i fylkesrådet for eldre.

**Meldesak 4) Fråsegn sendt ut av fylkesrådet for eldre Sogn og Fjordane: Utviding av rett til BPA for bestemte personar over 67 år**

Fylkesrådet for eldre vedtok under siste møtet å sende høyringssvar til Helse- og omsorgsdepartementet som gjeld utviding av retten til brukarstyrt personleg assistanse (BPA).

**Meldesak 5) Fråsegn sendt ut av fylkesrådet for eldre Sogn og Fjordane: Lov om eldreombod**

Fylkesrådet for eldre vedtok under siste møtet å sende høyringssvar til Helse- og omsorgsdepartementet som gjeld lov om eldreombod.

**Meldesak 6) Høyring av NOU 2019:14: Tvangsbegrensingsloven**

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring offentlig utgreiing (NOU) som gjeld tvangsbegrensingslova – Forslag til felles reglar om tvang og inngrep utan samtykkje i Helse- og omsorgsteneste. Høyrings ligg tilgjengeleg på departementet si nettside: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-av-nou-2019-14-tvangsbegrensingsloven---forslag-til-felles-regler-om-tvang-og-inngrep-uten-samtykke-i-helse--og-omsorgstjenesten/id2660716/>